



MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: 25. januar 2007
Stad: Nes, Næringsstunet

**REGIONRÅDET
FOR HALLINGDAL**

Desse møtte frå Regionrådet:

Erik Kaupang,	Hol kommune
Torleif Dalseide,	Ål kommune
Jan Halvard Brekko,	Gol kommune
Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Audun Aasheim,	Nes kommune
Hans Bekken,	Flå kommune

Frå Buskerud fylkeskommune møtte regionkontakt Terje Moen.
Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

SAK 02/07 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 22.12.2006

Vedtak

Møteprotokoll 22. desember 2006 vart vedteke.

SAK 03/07 BERGENSBANEN

Jan Halvard Brekko som styremedlem i Forum Nye Bergensbanen (FNB) orienterte om arbeidet i FNB.

SAK 04/07 KOMPETANSESENTER FOR DISTRIKTSUTVIKLING

Hallingdal er ikkje med i sluttrunden i forhold til tildeling av kompetansesenter for distriktsutvikling.

Sju stader som alle har høgskule og/eller forskingsmiljø er valt ut til sluttrunden.

SAK 05/07 PROSJEKT TRAFIKKTRYGGLEIK HALLINGDAL, ORIENTERING

Jan Halvard Brekko og Knut Arne Gurigard orienterte om prosjektet.

Prosjektleiar er sannsynlegvis på plass i byrjinga av februar.

SAK 06/07 ORIENTERING OM UTMARKSKOMMUNENES SAMMENSLUTNING

Ordførar Knut Tore Eidal i Sigdal og Sigurd Storemoen frå Rollag, som medlem og varamedlem i landsstyre orienterte om Utmarkskommunenens Sammenslutning (USS) og det arbeidet dei gjer.

I Buskerud er Hol, Sigdal, Nore og Uvdal og Rollag medlemmer. Det er eit ynskje å få med fleire av kommunane i Hallingdal som medlemmer.

SAK 07/07 REGIONINNDELING

Regjeringa har lagt fram St. meld. nr. 12 (2006 – 2007) Regionale fortrinn – regional framtid, der oppgåvene til dei nye regionane blir foreslått.

Meldinga presenterar også tre alternative modellar for inndeling av dei nye regionane, der Regjeringa ber om innspel.

Fylkeskommunane har fått ansvar for å legge opp til prosessar og høyringar.

Høringsfristen for innspel til fylkeskommunen er satt til 31. mai 2007.

Vedtak

I samband med uttale til St. meld. nr. 12 (2006 – 2007) Regionale fortrinn – regional framtid, vart desse valt til å førebu uttale frå Regionrådet for Hallingdal.

- Ordførar Torleif Dalseide, Ål kommune
- Ordførar Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune
- Varaordførar Harald Aagaard, Hol kommune
- Kommunestyrrerrepresentant Turid Bratli, Hol kommune
- Dagleg leiar Regionrådet Knut Arne Gurigard

Arbeidsgruppa sitt arbeid skal vera klart til handsaming i Regionrådet 30.3.2007.

Hallingtinget skal handsama uttale 4.mai 2007.

SAK 08/08 SAMANSLÅING AV POLITIDISTRIKT EVENTUELLE KONSEKVENSAR FOR LENSMANNSKONTORA

I brev til Justisdepartementet frå Politidirektoratet (18. januar 2007) om politidistrikta står det m.a:

"Evalueringen av reformen gir, med få unntak, grunnlag for en oppfatning av at politidistrikter som ble slått sammen i første fase langt på vei har oppnådd mange av de forventede effekter. Det er samtidig en oppfatning at det ikke er tilstrekkelig med en sammenslåing av politidistriktene alene, og det er derfor av betydning for resultatene totalt sett at en sammenslåningsprosess også omfatter en vurdering av drifts- og tjenesteenhetene."

Regionrådet drøfta saka og ynskte å få ein nærmare orientering frå politimeisteren.

Vedtak

Regionrådet inviterar politimeister Georg Isdahl og lensmenn i Hallingdal til eit informasjonsmøte i samband med Regionrådet sitt møte på Flå 23.2.2007.

Ål 2.2.2007

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar